

Utdrag av notat frå Statens vegvesen til Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkesvegferjesambandet Daløy – Haldorsneset frå 1.1.2019

Kostnadsvurderingar mm fjerna av Sogn og Fjordane fylkeskommune for å ikkje øydeleggje for føreståande konkurranse

Det er seks fylkesvegferjesamband i Sogn og Fjordane. Fire (4) av sambanda inngår i ny kontrakt med Fjord1 som følgjer:

| Drift av fire fylkesvegferjesamband i Sogn og Fjordane | Oppstart | Varigheit* |
|--|------------|------------|
| Askvoll – Gjervik – Fure – Værlandet (A-G-F-V) | 01.01.2016 | 31.12.2025 |
| Måløy – Oldeide – Husevågøy (M-O-H) | 01.01.2017 | 31.12.2025 |
| Isane – Stårheim (I-S) | 01.01.2017 | 31.12.2025 |
| Rysjedalsvika – Rutledal – Krakhella – Losna (R-R-K-L) | 01.01.2018 | 31.12.2025 |

*Oppdragsgjevar har opsjon på å forlenge kontrakten med inntil 1 + 1 år (til saman 2 år).

Det femte (5) sambandet inngår i ny kontrakt med Wergeland AS som følgjer:

| Drift av fylkesvegferjesambandet i Gulen (Kabelferje Hisarøy – Mjånes) | Oppstart | Varigheit* |
|--|------------|------------|
| Hisarøy – Mjånes (H-M) | 01.09.2013 | 30.04.2023 |

*Oppdragsgjevar har opsjon til å forlenge kontrakten med inntil 5 år.

Det sjette og siste ferjesambandet som i denne omgangen skal konkurranseutsetjast, er Daløy – Haldorsneset. Dagens kontrakt for dette sambandet går fram til og med 31.12.2018. Dette inkluderer opsjonsperiode (1 år) som er nytta.

Statens vegvesen (SVV) syner til tidlegare vedtak om å utlyse sambandet Daløy – Haldorsneset i ein eigen kontrakt, og at Statens vegvesen sin anbodsmal for nettokontrakt skal nyttast.

SVV tek til etterretning fylkeskommunen sin informasjon om at det lokalt er politisk ønske om å sjå ny utlysing opp mot ferjeavløysingsmidlar og eventuell bru-/vegløysning som erstatning for ferjesambandet Daløy – Haldorsneset. Med bakgrunn i dette oppfatar SVV at fylkeskommunen ønskjer å vurdere to alternativ: eit alternativ som SVV tilrår med bakgrunn i anbodsmal og nye

føringar knytt til 0- og/eller lågutslepp, og eit alternativ som er tilpassa mogleg ferjeavløysingsprosjekt med kortare kontraktperiode.

SVV anbefaler uansett at ny anbodskonkurranse gjennomførast med mål om kontraktsgnering innan utgangen av 2016. Dette vil bidra til å sikre at tilbydar får rimeleg tid frå kontraktsgnering til oppstart 01.01.2019, noko som kan bidra til auka konkurranse.

Status Daløy – Haldorsneset per i dag:

Sambandet vert i dag betjent av ferja M/F «Nårasund». Ferja har kapasitet til om lag 11 bilar. Ferja kan laste 1 vogntog og tek inntil 84 passasjerar. Ferja er bygd i 1968 og vil vere over 50 år gamal ved utløpet av dagens kontraktperiode.

Sambandets produksjon og rutetabell opnar for god daglig drift og godt vedlikehald av fartøy med tilhørende motor og utstyr. Regulariteten i sambandet har vist seg å vera god.

Statistikk:

| Ar | Elektrisk bil | Kjøretøy 5 - 6 m | Kjøretøy 6 - 7 m | Kjøretøy 7 - 8 m | Kjøretøy 8 - 10 m | Kjøretøy 10 - 12 m | Kjøretøy 12 - 14 m | Kjøretøy 14 - 17 m | Kjøretøy 17 - 19 m | Kjøretøy 19 - 22 m | Personer* Voksne | Personer* barn/honnør | Motor-sykkel | Gjenstående biler | PBE benyttet | Kjøretøy |
|------|---------------|------------------|------------------|------------------|-------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|------------------|-----------------------|--------------|-------------------|--------------|----------|
| 2010 | 0 | 16 826 | 163 | 202 | 570 | 21 | 2 | 9 | 12 | 2 | 9 475 | 8 935 | 127 | 125 | 20 820 | 17 807 |
| 2011 | 0 | 18 539 | 153 | 134 | 615 | 97 | 8 | 33 | 12 | 2 | 9 166 | 8 884 | 157 | 178 | 23 132 | 19 593 |
| 2012 | 0 | 19 291 | 121 | 165 | 678 | 168 | 1 | 10 | 34 | 0 | 10 271 | 8 643 | 86 | 86 | 24 489 | 20 468 |
| 2013 | 1 | 17 660 | 133 | 350 | 586 | 212 | 5 | 11 | 29 | 4 | 7 816 | 8 762 | 95 | 123 | 23 268 | 18 991 |
| 2014 | 18 | 17 244 | 317 | 614 | 514 | 214 | 0 | 5 | 36 | 2 | 7 528 | 9 791 | 90 | 111 | 23 759 | 18 964 |
| 2015 | 25 | 17 610 | 203 | 755 | 527 | 145 | 2 | 41 | 32 | 0 | 7 307 | 9 877 | 24 | 67 | 24 194 | 19 340 |

*Passasjerer er eksklusive fører

Samanliknar ein driftsåret 2015 med driftsåret 2010, har sambandet hatt ein auke på 8,61% kjøretøy, og ein auke på 16,21% for PBE. Sambandet har ein periode vore gratis for dei reisande, sjå statistikk 2011 og 2012 (3 års prøveordning frå 26. mars 2010).

Det kan sjå ut som at sambandet har relativt stabilt trafikkgrunnlag. Det er lite attståande, og ingen særlege trafikktoppar, sjølv om sambandet ein periode var gratis.

Ruteproduksjon:

Dei seinare åra har rutetilbodet (produksjon) for sambandet Daløy – Haldorsneset vore utvida og tilpassa. Dette er gjort i samråd med Solund kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Rutetabellen er tilpassa lokale behov, Posten og gjennomkøyringstid til/frå Krakhella.

Dagens rutetabell:

| | Dx67 | 6 | Dx67 | Dx67 | Dx7 | Dx7 | D | 2 | Dx2 | D | Dx67 |
|------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Frå Haldorsneset | 06:50 | 07:00 | 07:10 | 07:55 | 08:15 | 09:05 | 10:35 | 12:00 | 12:20 | 14:00 | 15:05 |
| Til Daløy | 07:00 | 07:10 | 07:20 | 08:05 | 08:25 | 09:15 | 10:45 | 12:10 | 12:30 | 14:10 | 15:15 |

| | Dx67 | Dx7 | Dx67 | Dx7 | Dx7 | D | 2 | Dx2 | 7 | Dx7 | Dx67 |
|------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Frå Daløy | 07:00 | 07:20 | 08:05 | 08:35 | 09:40 | 11:15 | 12:15 | 12:30 | 14:25 | 14:50 | 15:30 |
| Til Haldorsneset | 07:10 | 07:30 | 08:15 | 08:45 | 09:50 | 11:25 | 12:25 | 12:40 | 14:35 | 15:00 | 15:40 |

| | D | D | Dx67 | D | D | Dx67 | D | 2 | 57 |
|------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Frå Haldorsneset | 15:50 | 16:20 | 16:50 | 17:45 | 19:00 | 20:00 | 20:40 | 21:50 | 22:50 |
| Til Daløy | 16:00 | 16:30 | 17:00 | 17:55 | 19:10 | 20:10 | 20:50 | 22:00 | 23:00 |
| Frå Daløy | 16:00 | 16:35 | 17:10 | 18:25 | 19:30 | 20:25 | 20:50 | 22:00 | 23:00 |
| Til Haldorsneset | 16:10 | 16:45 | 17:20 | 18:35 | 19:40 | 20:35 | 21:00 | 22:10 | 23:10 |

SVV anbefaler følgjande:

Framdrift:

Dersom naudsynte avklaringar skjer innan påsken 2016, legg SVV opp til følgjande framdrift:

- Kunngjere konkurransegrunnlag april-mai 2016
- Tilbudsfrist september-oktober 2016
- Kontraktsignering november-desember 2016

Ruteproduksjon:

Med bakgrunn i innspel frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vil SVV tilrå ein basis rutetabell med opsjonsturar. Basistabellen inneber ein reduksjon i rutetilbodet samanlikna med dagens rutetilbod, men kontrakten og dei identifiserte opsjonsturane gjev likevel moglegheit for å tilby redusert, liknande, eller forbetra rutetilbod, til ein tilbode (fastlagd) pris for den einskilde opsjonstur (rundtur). Kontrakten opnar generelt for høve til å auke/reducere ruteproduksjonen med 15%.

| | Dx67 | 6 | Dx67 | Dx67 | Dx7 | Dx7 | D | 7 | D |
|------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Frå Haldorsneset | 06:50 | 07:00 | 07:10 | 07:55 | 08:15 | 09:05 | 10:35 | 12:20 | 14:00 |
| Til Daløy | 07:00 | 07:10 | 07:20 | 08:05 | 08:25 | 09:15 | 10:45 | 12:30 | 14:10 |

| | Dx67 | | Dx7 | Dx67 | Dx7 | Dx7 | D | 7 | 7 | Dx7 |
|------------------|-------|--|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Frå Daløy | 07:00 | | 07:20 | 08:05 | 08:35 | 09:40 | 11:15 | 12:30 | 14:25 | 14:50 |
| Til Haldorsneset | 07:10 | | 07:30 | 08:15 | 08:45 | 09:50 | 11:25 | 12:40 | 14:35 | 15:00 |

| | Dx67 | D | D | Dx67 | D | D | Dx67 | D |
|------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Frå Haldorsneset | 15:05 | 15:50 | 16:20 | 16:50 | 17:45 | 19:00 | 20:00 | 20:40 |
| Til Daløy | 15:15 | 16:00 | 16:30 | 17:00 | 17:55 | 19:10 | 20:10 | 20:50 |
| Frå Daløy | 15:30 | 16:00 | 16:35 | 17:10 | 18:25 | 19:30 | 20:25 | 20:50 |
| Til Haldorsneset | 15:40 | 16:10 | 16:45 | 17:20 | 18:35 | 19:40 | 20:35 | 21:00 |

Opsjonsturar:

| | Opsjon 1 Dx7 | Opsjon 2 fredag | Opsjon 3 sundag |
|------------------|-----------------|--------------------|--------------------|
| Frå Haldorsneset | 12:20 | 22:50 | 22:50 |
| Til Daløy | 12:30 | 23:00 | 23:00 |
| Frå Daløy | 12:30 | 23:00 | 23:00 |
| Til Haldorsneset | 12:40 | 23:10 | 23:10 |

Opsjon 1 - 3 skal prisast kvar for seg og vil inngå i prisevalueringa. Oppdragsgjevar kan løyse ut opsjon, og eventuelt ta ned att opsjon, på den einskilde opsjonstur uavhengig av kvarandre – på same vilkår.

Ved attståande bilar og/eller passasjerar, og meir enn 30 minutt til neste avgang, skal det utførast ekstratur (ein ny rundtur «mellom turane»). Kvar ekstratur (rundtur) vil godtgjerast som følgjer:

0,5 timar x timepris som framkjem av Vedlegg K Skipsbudsjett (linje F / tal driftstimar (oppgeve i skipsbudsjettet)).

Fylkeskommunen kan begrense denne ordninga innanfor tilgjengelege økonomiske rårer.

Sambandets produksjon og rutetabell opnar for fortsatt god dagleg drift og godt vedlikehald av fartøy med tilhørande motor og utstyr. Regulariteten i sambandet har vist seg å vera god.

Fartøykrav:

SVV anbefaler å auke storleiken på hovudferja noko. Ei løysing som inneber at det ved attståande bilar og/eller passasjerar, og meir enn 30 minuttar til neste avgang, skal utførast ekstratur (ein ny rundtur «mellom turane») bidreg til å halde minstekrav til kapasitet på eit nøkternt nivå.

Dagens ferje er opplyst til å ha kapasitet til 11 PBE / 1 VTE / 84 passasjerar.

Minstekrav

| Samband | Min. kapasitet hovudferje | | | Min. kapasitet reserveferje | | | Begge |
|----------------------------|---------------------------|-----|----------------------|-----------------------------|-----|----------------------|--------------|
| | PBE | VTE | Passasjer-sertifikat | PBE | VTE | Passasjer-sertifikat | Farts-område |
| Daløy – Haldorsneset (D-H) | 15 | 1 | 80 | 8 | 1 | 60 | 2 |

Miljø:

Fylkeskommunen har tidlegare vedteke at ein legg opp til å kunne betale inntil 3 % meir årleg, ref. eit sambands årlege tilskotstrong. I tillegg har Stortinget kome med nye føringar knytt til 0- og/eller lågutslepp. Dersom fylkeskommunen legg opp til å støtte nye føringar frå Stortinget, vil fylkeskommunen kunne pårekna ein monaleg reduksjon i CO2-utslepp.

SVV har mellom anna nytta følgjande krav for å imøtekome nye føringar i høve miljø:

«Følgjande energikjelder kan nyttast: Strøm (frå el-nettet), biodiesel, biogass, hydrogen¹ eller en valfri kombinasjon av desse»

SVV anbefaler fylkeskommunen om å nytte same ordlyd.

Døme: Ved å oppnå bruk av biodiesel som energiberar vil ein kunne pårekne å redusere CO2-utsleppet med minst 40-50 %, samanlikna med bruk av MGO (dagens diesel).

Dersom eit tilbod inneber ein hybrid løysning med ein kombinasjon av elektrisk (straum frå el-nettet) og til dømes biodiesel, vil ein venteleg oppnå ein ytterlegare reduksjon i CO2-utslepp.

Universell utforming:

Krav til universell utforming er som spesifisert i SVV sin anbodsmal med lokal tilpassing som avtala, jf. neste avsnitt.

Det skal i tillegg etablerast god tilgang til opphaldsareal eigna for rullestol og/eller barnevogn. I tilknytning til dette skal det vere plass til ledsager (til saman 2-3 personer). Dette opphaldsarealet skal vere på nivå med bildekk, og med god tilgang til HC-toalett.

¹ Hydrogen har ikkje tidlegare vore spesifikk nemnt.

Krav til miljø (energiberar) og universell utforming gjeld ikkje for reserveferje. Reserveferje kan nyttast inntil 21 dagar pr. kalenderår. Dersom reserveferje nyttast utover 21 dagar, skal reserveferje tilfredsstille kapasitetskrav til hovudferje.

Kontraktslengd:

SVV opererer normalt med 8 år kontraktslengde. Men det har ved fleire høve vert lagt opp til 10 år. Dette med bakgrunn i innføring av ny teknologi, og/eller etter ein vurdering av kontraktens investeringsbehov sett opp mot mogleg fortjeneste, og risiko.

Med bakgrunn i ønskje om å oppnå ein god konkurranse til «riktig prisnivå» vurderer SVV at ein kontraktsperiode på 10 år, med høve til ytterlegare 2 år, bidreg positivt, spesielt sett opp imot avskrivingsperiode på investeringar. I tillegg meiner vi at langsiktighet vil spele positivt inn i høve «ønskje om å vinna», og kanskje tiltrekkje fleire tilbydarar. I sum kan ein oppnå betre konkurranse og derfor betre pris pr. driftsår.

SVV anbefaler difor følgjande:

Kontraktsperiode 1.1.2019 – 31.12.2028 (10 år)
Opsjon inntil 2 år

Anbefalt alternativ gjev og rom for eit ferjeavløysingsprosjekt, men då i eit noko lengre perspektiv.

Alternativ tilpassa mogleg ferjeavløysingsprosjekt med kortare kontraktsperiode:

Framdrift:

Same som i SVV tilråding.

Ruteproduksjon:

Same som i SVV tilråding.

Fartøykrav:

I dette alternativet er det lagt opp til om lag same storleik som dagens ferjemateriell. I dette alternativet vil ei løysing som inneber at det ved attståande bilar og/eller passasjerar, og meir enn 30 minuttar til neste avgang, skal utførast ekstratur (ein ny rundtur «mellom turane») vere særskild viktig. Slik løysing kan ved nokre høve likevel gje nokre utfordringar sett opp imot korresponderande tider (Krakhella og/eller buss).

Minstekrav

| Samband | Min. kapasitet hovudferje | | | Min. kapasitet reserveferje | | | Begge Farts- område |
|----------------------------|---------------------------|-----|--------------------------|-----------------------------|-----|--------------------------|---------------------------|
| | PBE | VTE | Passasjer- sertifikat | PBE | VTE | Passasjer- sertifikat | |
| Daløy – Haldorsneset (D-H) | 10 | 1 | 60 | 8 | 1 | 60 | 2 |

Med bakgrunn i kort kontraktsperiode, relativt stabilt trafikkgrunnlag, og (spesielt) løysing som krev at det ved attståande bilar og/eller passasjerar skal utførast ekstratur, kan SVV vurdere at eit minstekrav på 10 PBE / 1 VTE / 60 passasjerar kan vere akseptabelt. Dette kan opne

«ferjemarknaden» i høve tal ferjer som kan oppfylle minstekrav, og dermed bidra til auka konkurranse, samstundes som det kan vere prisdempande.

Miljø:

Minimum krav til lågutslepp:

«Følgjande energikjelder kan nyttast: Strøm (frå el-nettet), biodiesel, biogass, hydrogen² eller en valfri kombinasjon av desse»

Universell utforming:

Krav til universell utforming er som spesifisert i SVV sin anbodsmal med lokal tilpassing som avtala, jf. neste avsnitt.

Det skal i tillegg etablerast god tilgang til opphaldsareal eigna for rullestol og/eller barnevogn. I tilknytning til dette skal det vere plass til ledsager (til saman 2-3 personer). Dette opphaldsarealet skal vere på nivå med bildekk, og med god tilgang til HC-toalett.

Krav til miljø (energiberar) og universell utforming gjeld ikkje for reserveferje. Reserveferje kan nyttast inntil 21 dagar pr. kalenderår. Dersom reserveferje nyttast utover 21 dagar, skal reserveferje tilfredsstillast kapasitetskrav til hovudferje.

Kontraktslengd:

SVV oppfatar at fylkeskommunen i dette alternativet ønskjer å tilpasse kontraktslengda (til 5 år) for å opne for (ikkje vere til hinder for) etablering av bru i samband med ferjeavløysing, innanfor ein kortare tidshorisont.

Kontraksperiode: 1.1.2019 – 31.12.2023

Opsjon inntil 3 år

Kostnadsestimat (2015-kroner):

Med bakgrunn i ønskje om å oppnå ein god konkurranse til «riktig prisnivå» vurderer SVV at lemping på kapasitetskrav kan opne for fleire aktuelle fartøy og lågare investeringar. Dette kan bidra til lågare pris pr. driftsår samanlikna med anbefalt alternativ.

Konkurransesgrunnlagsmalen

SVV sin konkurransegrunnlagsmal har fortløpande vorte revidert. I nyare tid har nokre punkt vorte «strama noko opp», og miljødelen har fått større fokus.

² Hydrogen har ikkje tidlegare vore spesifikk nemnt.

Oppsummering:

Rutetilbod:

Med bakgrunn i «basis» rutetabell, ferdigpriste opsjonsturar og kontraktens vilkår generelt, har fylkeskommunen opening for å velje det rutetilbodet som dei økonomiske rāmene til ein kvar tid opnar for. Dette er likt i begge alternativ.

Trafikkgrunnlag/kapasitet:

Statistikken syner at sambandet har stabilt, men noko aukande trafikkgrunnlag. SVV sitt tilrådde minstekrav på 15 PBE / 1 VTE / 80 passasjerar stettar fortsatt positiv trafikkutvikling i åra som kjem. Ved at ein legg opp til at ferja skal utføre ekstratur ved attståande bilar og/eller passasjerar, sett opp mot sambandets kapasitetstrong, reduserer ein risiko knytt til minstekrav i høve kapasitet.

Denne løysinga (ekstratur ved attståande bilar og/eller passasjerar) er sær s viktig i alternativet med kortare kontraktsperiode, og med reduserte minstekrav til kapasitet for hovedferje 10 PBE / 1VTE / 60 passasjerar.

Aktuell løysing bidreg også til å kunne legge opp til litt lågare kapasitetskrav for reserveferje.

Miljø:

Fylkeskommunen kan pårekna monaleg reduksjon i CO₂-utslepp dersom tilrådingane vert lagt til grunn.

Universell utforming:

SVV sin mal krev mellom anna HC-toalett. Tilleggskravet til opphaldsareal (rullestol/barnevogn/ledsager) vil bidra til ein god og tilfredsstillande løysing for sambandet.